

Rutine når eleven ikkje har forventa læringsutbyte (Konkretisering av kartleggingshjulet)

Nivå i BTI modellen	Steg	Tiltak	Ansvar
Nivå 0	1	Definer uroa for eit barn	Den enkelte tilsett
Nivå 0	2	Del uroa med leiaren din Uro oppstår for læringsutbyttet til eleven: <ul style="list-style-type: none"> • Rektor må orienterast • Samtale med elev og føresette 	Kontaktlærer
Nivå 0	Forts. 1	Definer uroa for eit barn <u>Kartlegging, observasjon og analyse:</u> <ul style="list-style-type: none"> • Kartlegging, observasjon og analyse • Vurder situasjonen ut frå tidlegare gjennomførte kartleggingsprøvar og prøvar som er tilgjengelege for kartlegging av nå-situasjon • Vurderer undervisningssituasjonen, organisering og tilrettelegging saman med faglærarar i klassen, spes. ansvarleg på skulen og leiing • Koma fram til aktuelle tiltak som kan gi ein meir tilpassa opplæringssituasjon og auka læringsutbyte for eleven. 	Kontaktlærer Andre lærarar i klassen
Nivå 0	3	Del uroa med føresette og eleven <u>Samtale med elev og føresette:</u> <ul style="list-style-type: none"> • Ta utgangspunkt i kartlegging, observasjon og analyse. • Kva kan skulen bidra med av tilrettelegging for ein meir tilpassa opplæringssituasjon som skal gi betre læringsutbyte? • Er det noko føresette kan bidra med? • Kva kan eleven sjølv bidra med for å auka læringsutbyttet? • Lag ein enkel tiltaksplan i fellesskap og avtal oppfølgingspunkt. 	Kontaktlærer
Nivå 0	4	Grunn til vidare oppfølging? <u>Utprøving av tiltak</u> <ul style="list-style-type: none"> • Andre lærarar som har eleven, må vera informert om tiltaksplanen og bidra i samsvar med den. • Gi støtte/positiv merksemd til eleven i forhold til den innsats han/ho skal bidra med for å auka læringsutbyttet. 	Kontaktlærer Andre lærarar i klassen

Nivå 0	4	Grunn til vidare oppfølging? <u>Vurdering av tiltak:</u> <ul style="list-style-type: none"> • Drøfta situasjonen med faglærer og andre på teamet som utgangspunkt for ny samtale med elev og føresette. • Evaluera tiltaka til skule, heim og elev og nåverande opplærings situasjon saman med elev og føresette, eventuelt drøfta om det kan vera aktuelt å be om vegleing frå PPT. • Lærer, føresette og elev blir samde om vidare tiltaksplan og avtalar tidsrom for gjennomføring. 	Kontaktlærer Andre lærerar i klassen
Nivå 1	1 2 3	Samtykke til stafettlogg Skap felles forståing Sett i verk tiltak <u>Utprøving av ny tiltaksplan</u> <ul style="list-style-type: none"> • Kan be om vegleing med PPT som ein del av tiltaka. • Prøver ut og justerer tiltak når det er trong for det. 	Kontaktlærer Andre lærerar i klassen
Nivå 1	4	Evalueringsmøte – del 1 <u>Ny evaluering</u> <ul style="list-style-type: none"> • Gjennomføra ny evaluering saman med elev og føresette så snart den avtala utprøvsperioden er over. 	Kontaktlærer
Nivå 1	5	Evalueringsmøte – del 2 <u>Alt 1 i avslutningsfase:</u> <ul style="list-style-type: none"> • Saka blir avslutta om tiltaka har fungert tilfredsstillande og eleven har fått ein betre opplærings situasjon med auka læringsutbyte. <p>Dokumentasjon: Stafettloggen, pedagogisk rapport/dialogverktøy –mal i Risk Manager</p>	kontaktlærer
Nivå 1	5	Evalueringsmøte – del 2 <u>Alt 2 i avslutningsfase:</u> <ul style="list-style-type: none"> • Om eleven ikkje får tilfredsstillande utbyte av den ordinære opplæringa, må behov for spesialundervisning og oppmelding til PPT vurderast. Om det blir avgjerd om oppmelding til PPT, må rutine for spesialundervisning setjast i verk. <p>Rutine for spesialundervisning er å finna i Risk Manager</p>	kontaktlærer